

Helgatun er fjellpensjonatet som ligg øvst i Myrkdalen, i Voss kommune, ei naturperle sommar som vinter. Staden er eigd og driven av Indremisjonssamskipnaden (IMS), og er brukt til leirarbeid, weekendar, bryllaup, minnesamvær, pensjonatdrift, kafédrift m.m. Fjellpensjonatet har 100 senger inklusiv utleigehytte med sjølvhushald og 10 sengeplassar. Hovudbygget har møtesal, peisestove, TV-stove, nytt kjøkken og stor matsal.



Ønskjer du ei spennande og meiningsfull utfordring på eit kristent fjellpensjonat?

Jobb på Helgatun Fjellpensjonat

Helgatun Fjellpensjonat ligg vakkert til i Myrkdalen, og er ein stad med mange moglegheiter. Helgatun er eigd av Indremisjonssamskipnaden (IMS), og det betyr at den som vert tilsett må kunna identifisera seg med og fremja IMS og Helgatun si målsetjing og kristne verdigrunnlag.

2017 har så langt, vore eit svært bra år for Helgatun med fullt hus både i vintersesongen og heile sommaren. Me har og godt belegg utover hausten.

To tilsette skal ut i permisjon, og me treng difor forsterkingar.

Kven leitar vi etter?

- Me ser etter ein person som gjerne vil vera med å utvikla Helgatun vidare. Det er store planar for området, og det gir gode utviklingsmoglegheiter for den rette personen.
- Du må ha godt humør, vera kreativ, helst også ha verksemdserfaring og praktisk kompetanse.
- Har du leiarkompetanse, slik at du forstår problemstillingar og utfordringar som er ein del av kvardagen på Helgatun, er det heilt topp.
- I tillegg må du lika å ha kontakt med menneske og ha gode kommunikasjons- og samarbeidseigenskapar.

Kva har vi å tilby?

- Som vår kollega, vil du få ei fri stilling med eit klart mandat i ei verksemd med stort potensiale.
- Du får dyktige kollegaer og blir ein del av eit triveleg miljø.
- Løn etter avtale.

Dersom dette er av interesse eller du vil vita meir om stillinga, så ta gjerne kontakt for ein prat med: Dagleg leiar Sylvi Røssland Sørfohn, tlf 404 08 376, eller nestleiar Helge Røyksund, tlf 907 91 350.